

Vaksdal kommune

Konsul Jebsensgata 16

5722 DALEKVAM

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 16/16010

Dykkar  
referanse:

Dato: 29.01.2018

Att:

Gjertrud Karevoll

## **VAKSDAL KOMMUNE HORDALAND - SPØRSMÅL TIL REGISTRERTE LÅSSETTINGSPLASSER**

Vi viser til brev av 19.01.2018 frå Dale kommune med spørsmål til låssettingsplassar som er registrert i Fiskeridirektoratet sin kartdatabase.

### **Definisjon på låssettingsplass**

Ein låssettingsplass er definert som ein plass nær strandlinja kor topografiske og hydrografiske tilhøve er slik at eit notsteng kan låssettes der, dvs fisken kan oppbevares i noten/innhengningen til den er klar for omsetning. Ein låssettingsplass karakteriseres av at den er godt skjerma for vær og vind, ikkje har for mykje straum og har tilstrekkelig djupne, oksygen og saltholdighet. Fiskeridirektoratet har kartlagt kjente låssettingsplasser gjennom intervju med notfiskarar. Data om låssettingsplassane vert lagra saman med andre temadata om fiskeplassar under '*kystnære fiskeridata*' i Fiskeridirektoratet si kartdatabase.

### **Registrerte låssettingsplassar i Sørfjorden – vurdering av arealbruk i KPA**

Det er registrert ei rekke låssettingsplassar gjennom heile Sørfjorden og Osterfjorden, og i all hovudsak er desse knyta til fiske etter brisling. Vi har ikkje nyare data om bruken av desse låssettingsplassane, men på bakgrunn av det vi veit om fiske i kring Osterøy, er det grunn til å tru at låssettingsplassane har vore sjeldan i bruk gjennom dei seinare åra.

I sjøområda innanfor Vaksdal kommune har Fiskeridirektoratet registrert i alt 11 forskjellige låssettingsplassar, 8 av desse er teke med i kommunen sin arealplan som einkategori område KL, (Kaste/Låssetjingsplass).

<b>Kommune</b>	<b>Område ID</b>	<b>Stadsnamn, låssettingsplass</b>	<b>LP teke med i KPA?</b>
----------------	------------------	------------------------------------	---------------------------

1251	1251020001	Brørviki	Ja
1251	1251020006	Kallestadsundet	Ja
1251	1251020002	Sponviki	Ja
1251	1251020003	Inste Kallandsviki	Ja
1251	1251020007	Sundet	Nei
1251	1251020004	Mjeltviki	Ja
1251	1251020008	Kvamsviki	Ja
1251	1251020010	Follavika	Nei
1251	1251020011	Hellestraumen	Nei
1251	1251020005	Grøssvikvågen	Ja
1251	1251020009	Veaviki	Ja

Tabell: registrerte låssettingsplassar i Vaksdal kommune og status i kommunen sin arealplan

I samband med at Vaksdal kommune skal rullere kommuneplanen og skriv i sitt brev at «*me ønskjer å fjerne fem område som har konflikt med aktivitetar på land, og som me vurderer som utdaterte*»:

1251020003: Inste Kallandsviki  
 1251020006: Kallestadsundet  
 1251020007: Sundet  
 1251020010: Follavika  
 1251020011: Hellestraumen

På bakgrunn av det vi veit om fiske i Sørfjorden, ser vi ikkje verdien av desse låssettingsplassane som så stor at dei må synast som område særskilt for fiske i kommunen sin arealplan. Vi understrekar samstundes at kommunen må ta opp spørsmålet med fiskarane sine organisasjonar og gje dei høve til å legge fram sine synspunkt.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
-----------------	--------------------------	------	----------

**Kopi til:**

Dale Jakt og Fiskarlag	Postboks 30	5721	DALEKVAM
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND